

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	- Kunna målmerka til jærdialekta - Vita kva som finst i nærområdet av dialektbruk - Vera stolt av kven du er og kor du er i frå
Engelsk	- Reading, writing, and speaking about health and well-being. - Use prepositions - Use linking words - Engage and write 5 paragraph texts
Matematikk	- Kunna rekna ut gjennomsnitt, median, typetal og variasjonsbreidde - Kunna teikna ulike type diagram med rekneark
Samfunnsfag	Kunna forklara kva fornorskingspolitikken var og korleis dette hang saman med nasjonsbygginga.
KRLE	- Vite noko om kva trussamfunn som finst i nærområdet - Ha eit trussamfunn å fordjupa deg i
Naturfag	- Forklara korleis me kan vite at alt liv på jorda er i slekt og i endring - Beskriva korleis Darwin og Wallace kom fram til evolusjonsteorien - Forklara korleis naturleg utval gjer artar tilpassa det miljøet dei lever i - Gjera greia for korleis ulike observasjonar og funn styrkjer evolusjonsteorien – og gje nokre dømer
Musikk	Kunna fleire norske folkedansar
M&H	- Vita kva god hygiene er - Vita kva vurderingskriteria for faget er - Kunna fortelja om korleis me skal oppføra oss på kjøkkenet - Vita kva god bordskikk er - Alle må ha reint forkle og hårstrikk (om du treng det)
Kroppsøving	Volleyball - Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar. - Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. Innsats: - Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre - Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre.
Spansk	- Kunna bøya regelrette + nokre uregelrette verb - Ha kontroll på samsvarsbøying mellom substantiv og adjektiv - Kunna tala opp til 100
Arbeidslivsfag	- Delta aktivt i arbeidsoppgåver på arbeidsplassen og nytta relevante arbeidsmetodar og verktøy. - Visa ansvar, samarbeida med andre og følgja arbeidsplassen sine reglar og rutinar.

Fysisk aktivitet	Møt i Timehallen
Friluftsliv	• Sporlaus ferdsel i nærområdet • Bli kjent med faget • Kle deg etter været, vi skal ha aktivitet ute.
Innsats for andre	• Vita kva det vil seia å gjera ein innsats for andre – DUGNAD!

INFORMASJON TIL HEIMEN

Velkommen til nytt skuleår og 9.trinn! Me håper alle har hatt ein fin sommarferie, og at alle gler seg til skulestarten!

Bøker

Elevane har fått bøker i dei fleste faga i år. Det blir registrert kva boknummer eleven får, og slik har me oversikt over kven som låner kva for ei bok. Det er viktig at dokker legg bokbind på bøkene slik at me tar best mogleg vare på dei.

Timeplanar

Klassane sine timeplanar ligg på heimesida. Nye fag dette skuleåret er M&H og musikk. Samt at arbeidslivsfag skal ut i arbeid. Dei arbeidar ein time meir på tysdagar enn dei andre elevane, og møter difor opp til 2.time torsdagar. Dei avspaserar 1.økt kvar torsdag. Annankvar torsdag, i partalsvekene, har elevane norsk i den siste timen 13:20-14:10. I oddetalsvekene er elevane ferdig på skulen 13.15

Mobilhotell

Me har ein mobilfri skule. Me oppfordrar elevane til å leggja mobilen igjen heime. Dei som har mobilen med seg, må levera den inn i mobilhotell på skulen (sjå ordensreglar som ligg på heimesida under "Brev og beskjedar").

iPad

Elevane har fått den same iPaden i år som dei hadde i fjor. Det er viktig at elevane tek godt vare på iPaden, og at deksel er like fint når det skal bli levert inn. Er dekselet grapsa til med tusj mm, må elevane erstatte dette ved skuleslutt. Hugs å lada iPaden heime kvar dag.

Ny foreldreapp

Det er nå ein ny app for foresatte: "Flyt Foresatt". Fint om alle kan sletta den gamle appen, og leggja til den nye. Med denne appen får og sendar du meldingar, varslar fråvær og får viktig informasjon. Les meir om dette på heimesida.

Kantina

Kantina opnar torsdag for sal av meieriprodukt. Måndag vil det vera sal av mat som vanleg. Elevane må derfor ta med seg matpakke i veke 34. Hugs å finna fram DiggiPay-kortet. Har du mista kortet, kan du kjøpa eit nytt i administrasjonen for 50 kr.

Heimesida

Informasjon om trinnet finn du på heimesida. Det kan vera lurt å abonnera på nyheiter, slik at du får varslingar når nye saker blir lagt ut.

Fotografering

Fotografen kjem på besøk 24.-26. august (måndag: 9C, 9B, 9D, onsdag: 9A. Alle klassane skal

ta gruppebilete, og alle elevane skal ta portrett. Desse bileta blir samla i ein skulekatalog som alle elevane får gratis på skulen. Dokker får i tillegg tilbod om å kjøpa fotopakker utanom direkte frå fotografen. Dette er valfritt.

Mat & Helse

M&H får standpunktarakter i år. Til timane treng elevane forkle, hårstrikk og innesko. Nokon av klassane har allereie M&H denne veka. Meir informasjon om faget kjem til elevane og på foreldremøtet.

Helsing oss på 9.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Engelsk	skriveøkt		Veke 35

HEIMEARBEID VEKE 34

Norsk	Finna ei bok til å lesa i
Musikk	Me dansar folkedansar i aulaen. Øv heime på grunnleggjande trinn om det er vanskeleg å få det til.
M&H	Bli kjende på kjøkkenet Laga scones Hugs forkle, innesko og hårstrikk
Kroppsøving	Volleyball • Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne.
Spansk	Repeter bøying av verb s. 9 og 11 i leseboka. Les teksten s. 12 + gjer oppgåve 1 s. 13.
Arbeidslivsfag	Fri fyrste time tysdag.

HEIMEARBEID VEKE 35

Norsk	- Ta bræe på norskboka Kontekst - Les 2 x 20 min i boka di, registrer sidetalet hos læraren din
Engelsk	- Ta bræe på engelskboka di - Have a look at the linking words list on Aunivers. Write a short paragraph (5-7 sentences) where you include at least 3 of the linking words from the list.
Matematikk	- Ta bræe på dei to matematikkbøkene dine - Finn gjennomsnittsalderen og medianalderen til din familie. Skriv ned utrekningane dine i arbeidsboka di, ta bilete av arbeidet, og legg det inn under heimearbeid på OneNote.

Samfunnsfag	• Les s. 60 og 61 + s. 63 – 65 i boka. Svar på oppgåvene s. 65 med heile setningar. Legg inn på ON eller i skrivebok (lærer gir beskjed).
M&H	• Bli kjende på kjøkkenet • Laga scones • Hugs forkle, innesko og hårstrikk
Kroppsøving	Volleyball • Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u>.
Engelsk fordjupning	• Have three suggestions/contributions to what you would like to look more into this year.
Arbeidslivsfag	• Møt i kantina i 4. time (11:25) tysdag. Oppstart og info.
Fysisk aktivitet	• Sjå teams

Bryne ungdomsskule

